



Teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/1067 - 16/12711

Saksbehandlar:

Tore Rikstad

tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:

07.12.2016

## Søknad om dispensasjon - byggjegrænse mot Nesvatnet

Radøy kommune ynskjer å setja opp ein gapahuk på 5x3 meter i friluftsområdet ved Nesvatnet (gnr 45/1/54). Staden der gapahuken er tenkt sett opp, er kring 35 meter frå Nesvatnet og dermed innanfor byggjegrænsa. Radøy kommune ved Teknisk drift søkjer difor dispensasjon frå denne byggjegrænsa.

Området ved Nesvatnet er eit friluftsområde som er mykje nytta av lokalbefolkninga, av skular, barnehagar og ungdomsklubben. Området er allereie tilrettelagt med sandvolleyballbane, stupebrett, bål plass og det er også vedtatt ein universell utforma turveg som skal gå gjennom like ved, noko som vil gjera at området vert endå meir nytta. Ein gapahuk vil gje besøkjande høve til å søkja ly og til å gå under tak når dei brukar området.

Tiltaket vil ikkje medføra terrenginngrep då staden gapahuken er tenkt plassert, er ferdig planert. Det vil berre vera naudsynt å grava av massar og fylla på grus.

Gapahuken er med i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø og også med i handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg 2016-2019.

Med helsing

Tore Rikstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

situasjonsplan gapahuk

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

**Mottakarar:**  
Teknisk forvaltning